

Lindås kommune

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	13/10
03.12.2012	
Ark. saksnr.	Løpenr.
2012/2373	
Saksh	Tilgangskode

Dato 28.11.2012

SØKNAD OM DISPENSASJON FOR REHABILITERING OG UTVIDING AV EKSSISTERANDE NAUST PÅ GNR. 13, BNR. 10

Eksisterande naust på gnr.13, bnr.10 er bygd på 50-talet og har vore nytta til å oppbevara båtar og fiskeutstyr. Far min, Arthur Andås, som bygde naustet, var med i Stall & Andås notlag, og dreiv aktivt med fiske i mange år. Sjølv har eg òg vore med på brislingfiske fleire sesongar i ungdomen. Såleis har båtliv og fiske vore ein del av livet mitt heilt frå barndomen av, og eg er sterkt knytta til sjøen og dette naustet. Det har vore fleire båtar som har vore lagra i naustet. Naustet vart i si tid bygd etter mål av ei tresnekke og ein liten robåt som far min hadde då. I dag ligg det ein eldre 15 fots båt med ein liten påhengs i naustet. Eg bur i dag i Os og her har eg ein 17 fots Askeladden m/påhengs. I tillegg har eg to havkajakkar. Eksisterande naust er for lite til å få inn dei båtane eg har i dag.

Eg har planar om å rehabiliterere eksisterande naust på gnr.13, bnr. 10 og søker om dispensasjon for å utvide naustet om lag ein meter i lengderetning. Utviding vil i hovudsak skje på baksida av naustet, inn mot terreng og vil knapt bli synleg sett frå sjøen. Det vil heller ikkje endre terrenget vesentleg, då det alt er skutt ut og planert ut rundt naustet. Då naustet vart bygd, vart det sprengt ut to naustetomter, denne og ei tilsvarende naustetomt på hovudbruket, men det vart ikkje oppført naust på hovudbruket. Det gamle naustet er òg for smalt til å kunne ta inn to båtar , så eg ønsker å utvide naustet litt i bredda, omtrent tilsvarende eksisterande takutstikk. Grunnflata for det nye naustet blir då om lag $4,8 \times 7,8$ meter, dvs. om lag $37,5 \text{ m}^2$. Eg har fått løyve frå naboane til å byggje naustet litt nærmare grensa til gnr.13, bnr.20 og gnr. 13, bnr. 1. Legg ved situasjonskart datert 21.10.2011 som viser mål og plassering av naust i høve nabogrenser, dette kartet vart òg sendt ut til naboane som grunnlag for løyve til å byggja nærmare grensene.

Eksisterande naust ligg i LNF-område, men grensar inn til eit område som er sett av til næring i gjeldande arealdel til kommuneplanen. Området som naustet ligg i er ikkje nytta av ålmenta til bading, fiske frå land eller turgåing. Den lille vika er ikkje eigna til bading, då kloakk-leidningen frå den gamle skulen (Stranda skule) og dei to husa som ligg like ved skulen går ut i denne vika. I tillegg har det vore drive oppdrett like ved i mange år. Det er ingen naturlege svaberg å ligge på eller å stupe frå, i tillegg er sjøbotn full av stein og overgrodd av tang og anna "slim", etter mange år med "overgjødsling". Vika er heller ikkje eigna til fiske frå land, då det er lett å huke fast i steinar og tang og anna som veks i sjøen. Det er heller ikkje mogeleg å gå tur langs strandlinja, då det på begge sider av denne lille vika er steile fjellvegger som går heilt i sjøkanten. Skulle nokon, mot formodning, finne på å ta seg turen ned til denne vika, er det mogeleg å gå rundt naustet på begge sider. Ei utviding av naustet som omsøkt vil ikkje endre ålmenta sin tilkomst til sjøen.

Grunnflata på det nye naustet blir om lag $37,5 \text{ m}^2$. Bruksareal blir på om lag 35 m^2 . Naustet skal byggjast i ein etasje, naustloft får ikkje målverdig areal. Naustet får saltak med takvinkel på 38 grader. Høgda på naustet blir 4.9 meter. Vindaugsareal sitt dagslysflate blir under 3% av bruksarealet. Naustet er såleis i samsvar med det som er definerer som eit naust i gjeldande føresegner til arealdelen av kommuneplanen for Lindås kommune.

I tillegg til utviding av naustet vert søkt om dispensasjon til å byggje eit lite vindehus mot sjø, over eksisterande slipp, for å kunne heise opp kajakkar og anna utstyr for lagring på naustloftet. Det er tradisjon for å utruste naust med vindehus for å kunne heise utstyr opp i 2. etasje eller naustloft. Det er elles ikkje tenkt at taket skal gå meir enn 15 cm ut over gavlveggane. Vindehuset i gavlvegg mot sjø, vil gå 60 cm ut frå vegg. Eit slikt vindehus er praktisk og vil etter mi meining pynte opp naustet. Elles søker eg om å byggje ei gangbru frå terreng og til dør på baksida til naustloftet. Terrenget litt slik til at det er naturleg å få tilkomst til loftet frå terreng. Dermed vil eg kunne utnytte plassen betre inne i naustet, då eg slepp å lage innvendig trapp. Ei slik gangbru vil ligge fint inn i terrenget, den vil ligge på baksida av naustet og vil heller ikkje vere synleg frå sjøsida eller til ulempe for ålmenta.

Det er planert ut rundt naustet med grov stein. I samband med rehabilitering og utviding av naustet, vil denne planeringa bli utbetra, slik at det blir betre og lettare å gå rundt naustet. Antar at det er kurant å utbetre denne planeringa og ruste opp eksisterande slipp med fast dekke og ein betre slipp enn den gamle treslippen som ligg der i dag. For å lette ombord og i land stigning frå båt vil eg søkje om dispensasjon til å lage ei enkel lita trebrygge ved sidan av slippen. Trebrygga vil følgje eksisterande strandlinje og vere på om lag 5 m^2 . I tillegg til trebryggja vil eg søkje om dispensasjon til å legge ut ei lita flytebrygge på 2×6 meter. Grunnen til dette er at den lille vika er forholdsvis verutsatt. Me ei lita flytebrygge vil ein kunne ha ein båt liggjande ute, sjølv om det blåser opp frå vest/ sørvest.

Eksisterande naust står i dag til forfalls og treng ei opprusting. Ein rehabilitering og utviding av naustet, slik at det blir brukt, vil vere til glede for alle som ferdast i området. Heile området er prega av fråflytting og mange gamle hus og naust som står til forfalls. Det må vere betre for alle at desse gamle husa blir pussa opp og tatt i bruk enn at dei forfaller.

Dersom det mot formodning ikkje er mogleg å godkjenne dispensasjon for alle dei tiltaka som er omsøkt, er eg villig til å trekke søknad om flytebrygge og kai. I så fall må eg bare fortøyre båten til land og legge ut ei stor blåse, slik eg gjer det i dag. Når det gjeld utforminga av sjølege naustet, kan eg også eventuelt ta vekk vindehus og gangbru på baksida, men dette vil medføre stor ulempe for meg. Eg må i så fall bygge ei innvendig trapp opp til loftet og løfte kajakkar og anna utstyr opp på loftet manuelt. Dette medfører at me må vere minst to for å kunne løfte opp større ting. Innvendig trapp vil også ta vekk verdifullt golvareal i naust og gjere det vanskeleg å få inn og få plass til to båtar på ein god og enkel måte.

Kort oppsummert vert det søkt om:

- Rehabilitering og utviding av eksisterande naust til 4,8 x 7,8 meter.
- Dispensasjon til å byggje vindehus over slipp.
- Dispensasjon til å byggje gangbru til naustloft på baksida.
- Dispensasjon til å byggje brygge ved sidan av eksisterande slipp.
- Dispensasjon til å leggje ut ei flytebrygge på 2 x 6 meter.

Kort grunngjeving for å kunne gi dispensasjon er at dette er ei rehabilitering og oppgradering av eksisterande naust til dagens krav. Det er betre at eksisterande naust blir brukt enn at det står til forfalls. Naustet er i samsvar med kommunen sine eigne krav til storleik på naust.

Tiltaket vil ikkje vere til ulempe for ålmenta sin bruk av området. Naustet grensar elles inn til eit eksisterande industriområde og akvakulturanlegg, som i dag er eit stort og synleg inngrep i naturen.

Eg håpar at søknad om tiltak utan ansvarsrett og søknad om dispensasjon kan godkjennast. Eg vil sjølv stå som ansvarleg for grunnarbeid og oppføring av nytt naust.

Mvh. Asle J. Andås
Lyhaugen 6
5200 Os
Mob. 926 79 526
Mail: aslejarle@hotmail.com